

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



Fotograf: Marit Skredegård, Gol

Konfirmantar i Vestre Slidre 2018:

1. rekke (foran fra venstre): Leah Gustavsen, Edel Halle, Josue Tchami Ndonko, prest Ola Døhl, Sandra Follinglo Røn, Margrete Bergli, Svanhild Kvale Bakke
2. rekke: Inga Berg Fauske, Rebekka Stenberg, Malin Røvang, Åsne Hovda, Lillian Stølen, Vilde Hovda
3. rekke: Vemund Bjørkheim Mo, Aleksander Rogne, Martin Hakkebo Dokkehaugen, Kristian Qualben, Håvard Nyhagen, Eivind Torgeir Reien Frestad,
4. rekke: Mikkel Moe Westgård, Brede Wikerholmen, Jonas Dalen Lyngstad, Nils Sander Sørensen, Jon Erik Bergli, Ørjan Slåttsveen
5. rekke: Henrik Holden, Håkon Berge, Eivind Myrheim, Martin Saxegård, Kjell Gunnar Snortheimsmoen



En åpen samtale om gudstjenesten

Den 11. oktober inviterer kirkestab og sokneråd i Vestre Slidre til en åpen samtale omkring høymessen og hvordan vi feirer denne her i Vestre Slidre. I samtalen vil tre hovedanliggender bli gjenstand for dialog: liturgi, preken og salmevalg. Vi håper at så mange som mulig vil komme og ta del i samtalen, dele synspunkt, spørsmål, gleder og frustrasjoner, uavhengig av om man går ofte eller sjelden til kirke. Alle som kunne være interessert i en slik diskusjon, er velkommen.

I et lite samfunn hvor vi alle har ulike forventninger til gudstjenestefeiringen og forskjellige erfaringer, preferanser og behov i møte med denne, er det naturlig at messen fra tid til annen blir gjenstand for en felles evaluering og oppmerksomhet. Det at vi nå skaper et rom der vi kan snakke åpent om den, samtidig som vi forsøker å sette ord på det vi tenker i møte med den, vil forhåpentligvis kunne bidra til større forståelse og innsikt hos oss alle.

Noen synes at alt som har med gudstjenestefornyelse å gjøre, er spennende, andre kjenner seg mest fortrolige med messen slik den alltid har vært feiret. Noen vil ha mer mystikk og et rikere liturgisk uttrykk, andre vil ha enkle gudstjenester. Noen vil at de skal være mer himmelvendt, andre mer jordnære. Noen liker lange gudstjenester, andre vil gjerne en tur innom, men synes det er greit om de ikke varer lenger enn en time. Noen har lang erfaring med kirkegang, andre ikke.

Er det nødvendig med et så rikt liturgisk språk og alle disse liturgiske handlinger, som prosesjoner, ikoner, røkelse, ministranter, prestens bevegelser og bukking osv? Er ikke alt dette bare med på å fremmedgjøre gudstjenesten for den enkelte? Uansett, så åpner vi nå opp for at alle som ønsker det, kan være med å sette ord på sine egne opplevelser i møte med kirkas liturgi, og stille de spørsmål man måtte ønske. Målet er å få til en god og fruktbar samtale, som vi alle kommer litt klokere ut av.

På lik linje med liturgien, vil også prestens preken ofte være gjenstand for oppmerksomhet og sterke meninger. Hva presten sier og ikke sier, kan ofte være helt avgjørende for hvordan gudstjenesteopplevelsen blir. Snakker presten et språk vi forstår? Er han inkluderende i språket, eller ekskluderende? Er det han sier relevant inn i vår hverdag? Kan vi lære noe av det han sier? Føler man seg oppbygd og inspirert



Ei open kyrkje ønske folk velkomne i sommar.

av prestens tale? Er presten for åndelig eller svevende, akkurat passe, eller litt for lite spirituell? Preker han for lenge, eller for kort? Hva forventer vi oss av prestens tale? Er talen av en slik art at man blir fremmedgjort? Er presten fommelet med ordene, alt for forsiktig, eller for selvsikker, karismatisk og kanskje litt slitsom å høre på? Bruker han stemmen godt? Flere spørsmål finnes helt sikkert.

Som prest kan det å åpne opp dette rommet være sårbart. Men vi innser at det samtidig også kan være nyttig å åpne opp for tilbakemeldinger. Om ikke presten våger seg inn i dette, står han også i fare for å miste viktig innsikt om hvordan han oppleves og erfares nede i kirkebenken. Vi tror en åpen og velmenende samtale omkring preken, dens rolle og funksjon, vil kunne være bra for alle. Vi håper alle de som har meninger omkring prestens preken, også vil være frimodige og ærlige med sine synspunkt.



Folk vert ønske velkomne til Taizégudsteneste i ei nydeleg pynta kyrkje såmannssøndag 4. februar i år.

Til slutt vil spørsmålene omkring salmevalg og musikk bli drøftet. Det hadde vært fint om alle kunne tenke ut noen av sine «gode gamle» salmer som de savner og som de er glad i, i forkant av dette møtet, og så ser vi på dem i fellesskap. Under denne rubrikken vil det også være mulig å snakke litt om hva vi tenker om bruk av salmer i gudstjenesten, ulike sang- og salmetradisjoner, deres funksjon, og hva vi tenker omkring bruken av dem i våre messer.

Hvorfor en slik samtale? Og hva vil vi oppnå med den?

Vi har erfart at det finnes ulike spørsmål omkring disse temaene ute i menigheten. Gudstjenesten er hele

menighetens feiring og eiendom. Som stab og fagpersoner har vi våre tilnærminger til planleggingen og utformingen, men vi trenger å stå i dialog med dem som deltar på gudstjenestene. Vi trenger innsikt i hvordan flest mulig tenker rundt dette, og vi tror det kan være interessant for dere å høre noe om hvordan vi tenker rundt temaet. Vi er rett og slett overbevist om at en slik samtale bare vil bidra til større gjensidig innsikt og forståelse omkring hva vi tenker om det å feire gudstjeneste i lag.

Vi håper så mange som mulig vil kunne komme torsdag 11. oktober kl. 19.00 til en åpen samtale omkring disse spørsmålene i Plassen.


Staben i Vestre Slidre

Besøksvener!

Vi treng fleire besøksvener i kommuna, og sokneråda oppfordrar no deg til å melde deg! Ein besøksven er ein som besøkjer nokon eit par timar ein gong i månaden. Ein kan gjere noko i lag, gå ein tur eller berre drikke kaffe og skravle. Vi treng personar i alle aldre og med ulike interesse. Hugs på at å gjere noko for andre er både verdifullt og gjevande. Er dette noko for deg, ta kontakt med oss på kyrkjekontoret. Vi håpar å høyre frå nettopp deg!

Om å setja opp ein salmesetel

Tysdagen før det skal vere messe, det vil seie om lag tre av fire sundagar i månaden, samlast vi tilsette på prestekontoret. Vi sit rundt bordet og skal planlegge den komande gudstenesta. Liturgien for gudstenesta ligg fast, vi har lese tekstane for sundagen og er klare for å fylle inn dei



tomme salmeplassane. Magnhild foreslår «Du opnar, vår evige Fader», skriven av gamlepresten Bjarne Norheim, som nattverdssalme. Det gjer ho eigentleg alltid, med mindre eg har foreslått «Jesus, livets sol og glede» før ho rekk det. Eg tek meg ein ny slurk av kaffekoppen. «Den salmen kan me», seier ho. Ola ser på meg, og lurar sikkert på om han kan få syngje litt fleire bedehussalmar når eg går ut i permisjon. Dei har jo så enkle og fengande melodiar, men synes ikkje å vere på kantorens ønskjerepertoar. Eg sjølv kunne kanskje tenkje meg å prøve ein moderne, til dels vanskeleg melodi, men innser forhåpentleg sjølv at allsangen neppe vil runge under taket i Slidre om vi gjer det.

Men oppsettet av ein salmesetel er ikkje fyrst og fremst ein smakskamp mellom dei tilsette. Heldigvis har vi fleire kriterium å gå etter. Det som ligg i botn når vi startar arbeidet, er tekstane vi les. Ideelt sett heng lesetekstane og salmetekstane godt saman. Det gjer det t.d. alltid i høgtidene. I jula syng vi om at Jesus blir fødd, og i påska om at han dør og står opp att. Dei gamle salmebøkene var lagt opp den denne måten. Ein kunne berre slå opp på den aktuelle sundagen, og der hadde ein salmar å velje mellom.

Men frå og med salmeboka som kom ut i 1985 har ein gått vekk frå dette inndelingsprinsippet. Rett nok er det framleis kapittel med salmar til dei viktigaste kyrkjeårstidene, advent, jul, åpenberringstid, faste, påske og pinse. Dette omfattar om lag 250 salmar. Men dei 650 øvrige salmane er inndelte etter tema. Det gjer valfridomen langt større, og jobben med å kombinere tekst og salmar meir krevjande – og spennande.


For ein ting er å kombinere tekst og salme slik at det passar. Men så kjem alle andre vurderingar. Ein inngangssalme til dømes, bør slå an tonen for dagen. Er det høgtid, må melodien indikere det. Er det ein alvorstung dag, må det vere noko anna. Og sidan det er fyrste salme, bør han ikkje gå alt for høgt, for gudstenestedeltakarane har vel neppe varma opp songstemma før dei kjem. Og så må han for all

del vere kjent – ingen likar å kome ein plass der dei ikkje skjønar kva som skjer. Det er lurt å hugse nett dette til avslutninga av messa og.

Balansen mellom kjent og ukjent materiale er ei tilbakevendande problemstilling i salmearbeidet. Allsongen er for folk flest, han skal vere demokratisk, og idealet er at alle skal kunne vere med. Ikkje sjeldan får eg høyre at folk likar «dei gamle salmane» – eit uttrykk som eg trur kan omsetjast med dei salmane som dei sjølve song i skulen. Samtidig treng vi ei fornying av reportoaret, det har til ei kvar tid vorte skrivne nye salmar som har blitt tekne i bruk. Og den fellessongen som min foreldregenerasjon har vokse opp med, er på vikande front. Vi syng mindre og mindre saman, både i skulen og andre samanhengar – og det merkar vi i kyrkja og.

Så når vi set opp salmane til kvar sundag, så skal vi ha mange tankar i hovudet samstundes. Vi skal tenkje kyrkjeårstid, tekstar, stemning i melodiar, plassering i liturgien, vi skal kanskje på vidareføring av tradisjonar og samstundes fornying av salmetilfanget. Antakeleg har vi aldri sett opp ein salmesetel som er perfekt. Nokre gonger er eg fornøgd, andre gonger ikkje – og gjerne av heilt forskjellige grunnar frå gong til gong. I tillegg skal eg velje kva tempo dei skal spelast i, om orgelet skal vere sterkt eller svakt og om salmen skal gå høgt eller lågt i tonehøgde. Det er både spennande og utfordrande. Eg set pris på alle gongene eg får tilbakemeldingar om salmane, uansett kva det gjeld. Og ikkje minst er eg nysgjerrig på akkurat kva for salmar *du* ynskje å syngje når du kjem til kyrkja.

Are Alund



Kantorvikar på plass!

Av og til går det betre enn ein ventar! Då eg kjende meg trøyt av helge- og høgtidsarbeid, og bestemte meg for å søke eit års permisjon frå stillinga mi som kantor, rekna eg med at eg kom til å skaffe den nye kyrkjevevja eit problem av ein viss storleik. For å få tak i ein organist i deltidstil-ling på landet, attpåtil berre midlertidig for eit år, verka ikkje spesielt enkelt. Gleda er difor desto større når eg får lov til å intervju min eigen vikar på orgelkrakken, Thomas Immanuel Vatn Weisser (25), og overlate tangentane til han, i trygg vissheit om at eg ikkje kjem til å bli sakna det året eg er borte.

Thomas er oppvaksen i prestegarden i Vang, og som son av både prost og prest i dalføret, kunne ein kanskje rekne med at den kyrkjelege yrkesvegen har ligge open lenge, men Thomas sjølv seier at det ikke har vore planlagt, men meir eit resultat av ulike faktorar.



- Nei, ikkje egentleg. Men musikken har alltid vore ein del av livet mitt. Eg har ein farfar som er organist, og far har alltid spelt mykje. Og frå morssida har eg med meg ein solid kor- og allsangsarv. Min eigen musikalske veg starta med å spele piano i kulturskulen som 2. klassing, og pianospelinga førte meg til musikklinja på Gjøvik videregående skole. Her spelte eg hovudsakleg piano, men fekk etterkvart orgel som biinstrument. Eg fekk sans for instrumentet, det var spennande og krevjande på ein annan måte enn eit piano. Og etter eit år på folkehøgskule, der fokuset låg på friluftsliv, så søkte eg kyrkjemusikkutdanninga i Trondheim, og vart student der frå 2013.
- Eg skjønner at vegen din inn i kyrkjearbeidet, på mange måtar har likna min eigen. Men kva syntes du om utdanninga i Trondheim?
- Eg likte veldig godt at utdanninga var så allsidig. Ein studerer både orgelspel, teori, komposisjon, improvisasjon, direksjon og gudstenestespel. Eg synest særleg det har vore artig å arbeide med improvisasjon og komposisjon, å kunne utforske kva ein kan skape der og då.
- Kva er dei sterke sidene dine som musiker, meiner du sjølv?
- Eg trur eg er ganske allsidig, og eg trivst godt ved orgel anten eg spelar innøvd reportoar eller improviserer. Eg likar å spele saman med andre, og håpar eg kan jobbe noko saman med folkemusikarar. Eg spelar sjølv trekkspel, og har spelt i eit spelemannslag i Trondheim.
- Og slik elles – kva er du for ein person?
- Eg meiner at eg er lærevillig og nysgjerrig. Eg les gjerne bøker, men eg er vel så glad i friluftsliv, aktivitet og trening. Eg leitar etter ny kunnskap og det å finne ut av nye områder. Kanskje er eg rastlaus?
- Men no: Tilbake til Valdres. Kvifor takka du ja til dette?
- Eg var ferdig med kantorutdanninga for eit år sidan. Det siste året har eg studert tysk med tanke på å kunne ta ein mastergrad utlandet. Men det passa godt dette året å få eit år med jobberfaring. Eg håpar at eg kan bruke året til å komme ordentlig på innsida av gudstenestespeinga. Det blir fint å jobbe med speinga jamnt og på den måten skaffe meg erfaringar både med stabssamarbeid generelt og gudstenesteplanlegging spesielt. Og så håpar eg å kombinere kantorjobben med å studere realfag ved OsloMet (Høgskolen i Oslo), og å kunne bruke anna fritid til å gå i fjella.
- Eg er sikker på at vestreslidringane er svært glade for og vil få stor glede av at du vil arbeide her i kommunen dette året. På vegne av både staben og kyrkjelyden vil eg ynskje Thomas hjerteleg velkommen og lykke til i arbeidet her i Vestre Slidre.

Are Alund

Tårnagenthelg



21.–22. april var seksten 8- og 9-åringar samla i kyrkja for å lære meir om Slidredomen og kva vi finn inni og utanfor. Vi starta med å tenne lys for kvarandre i lysgloben. Etterpå gjekk vi ei løype i kyrkja der det var ulike postar; agentkort, fingeravtrykk, tårnagentbollar. Vi øvde mykje på Tårnagentsongen og salmane vi skulle synge i gudstenesta. Agentane fekk ulike oppdrag dei skulle gjere. Ei oppgave var å måle lengda og breidda på kyrkja utanpå. Ei anna oppgave var å telje kor mange vigselkors det er i kyrkja og finne labyrinten i kyrkja. Agentane kosa seg og var veldig ivrige både inne og ute. Det dei fleste gleda seg mest til var turen opp i tårnet. Odd og Safet kom og var med oss opp i tårnet. Nokre syntest det var litt skummelt og høgt. Sundag morgon øvde vi på songane og spørsmåla som Heidi skulle stille. I gudstenesta fortalde vi kva vi hadde sett og lært.



TÅRNAGENTAR		
NAMN	2018 Nummer	Avtrykk
Henrik	1013	
Jonas	1009	
Thorvald	1020	
Dina	1005	
Vinjar	1004	
Therese	1002	
Ragnhild	1012	
Eivert	1014	
Nora	1001	
Maiken	1008	
Teodor	1011	
Vermund	1010	
Odne	1007	
Solvor	1006	
Mali	1015	
Kerjen	1003	



Ivar Ringestad

På garden Rengjistad har det vore ala opp kunstnare i fleire kunstformar. Nemner her spesielt yrka sylvsmed og folkemusikk. Ola Hjelle, pensjonert offiser i Forsvaret og ihuga folkemusikar og lokalhistorikar, gjekk i bresjen for å få opp ein minnestein. Han fekk laga eit bronserelieff av spelemann Ivar Ringestad som representant for utøvarane. Det vart også laga ei bronseplate med namn over dei forskjellige kunstnarane;

SPELEMENN

KNUT PERSON (1728-1810)

JØRGEN IVARSON (1773-1854) soneson til Knut

KNUT JØRGENSEN RØN (1815-1854)

JØRN KNUTSON RØN (1843-1911)

IVAR JØRGENSEN (1870-1953)

KNUT IVARSON (1905-1967)

ANDRIS DAHLE (1925-1995) datterson til IVAR.

SYLVSMEDAR

KNUT PERSON (1728-1810)

IVAR KNUTSON (1754-1832)

HALDOR KNUTSON VIKHAGEN (1758-1854)

JØRGEN IVARSON (1773-1854)

IVAR JØRGENSEN (1803-1873)

JØRGEN IVARSON (1835-1922).

JØRGEN JØRGENSEN (1884-1958) den siste sylvsmeden, han testamenterte verkstaden til VALDRES FOLKEMUSUM.

Det blei bestemt at bautaeen skulle reisast på det gamle Rengjistadtunet der dei hadde levd og hatt sitt virke. Bautaeen blei reist hausten 2003.

Etterkvart viste det seg at det var lite besøk i det gamle

tunet; det var stort sett dei som var med på den organiserte turen som kyrkja arrangerte i samband med olsokmesse i Lomen stavkyrkje. Då det blei slutt på dei turane, var det ingen som besøkte tunet.

Saka kom historielaget og spel- og dansarlaget for øre, men fart i saka blei det ikkje før Gunnar Breivik tok tak i det. Han tok kontakt med dåverande kyrkjeverje Elisabeth Myhre om plassering, og det blei bestemt at den kunne reisast på Lomen kyrkjegard. Steinen blei tatt ned og reist opp igjen der hausten 2017.

Etter gudstenesta 10. mai 2018 var det ei lita markering. Syver Hauge Rolandsgård spelte ein lyarslått etter Ivar Ringestad inne i kyrkja og ein springar ute ved bautaeen. Alle var enige om at den nye plassen var Rengjistadgutane verdig.

poe



Olsokmesse

Sundag 29.juli var det tradisjonen tro olsokmesse i Lomen stavkyrkje og vel 40 personar møtte på gudstenesta. Vergudane var på vår side, og dermed kunne rømmegraut, kringle og kaffe nytast utanfor kyrkja etter messa. Den

smakfulle grauten hadde Margit K. Lyngstad laga, og Lomen sokneråd sto for sal av godsakene. Takk for ei fin stund ved stavkyrkja denne olsok formiddagen – vi ser fram til neste år!



Lomen Stavkyrkje var open for omvisning med guidane Mikkel Moe Westgård og Vilde Hovda i sommar. Tors–søndag frå kl 11-17 i perioda 27. juni til 19. august var kyrkja open.

Sankthans



Johannes døperen

Sankthans er opprinneleg ei kyrkjeleg høgtid til minne om at Johannes døyparen vart fødd, 24. juni. Han var syskenbarn med Jesus, og seks månader eldre enn han. Det minner oss om at det er akkurat eit halvt år til jul!

Sankthans vert og kalla Jonsmesse, Jons vake eller Jonsok. Jon og Hans er avstyttingar av namnet Johannes.

På same måten som ved mange andre høgtidsdagar feirar vi sankthans kvelden før sjølv dagen. Med litt vedmod prisar vi sommaren på sitt høgste, dagen er lengst og natta er kortast. Samstundes veit vi at no snur det, og vi går mot mørkare tider att.

Tradisjonane rundt sankthans er meir folkelege enn kyrkjelege - truleg fordi dei har rot i eldre skikkar knytt til sommarsolkverv og hedenske midtsommarblot.

Folkelege tradisjonar: Sankthansnatta vart rekna for å vera magisk: Urter som vart sankt den natta skulle ha lækjande kraft. Krøter som fekk gras slege ved jonsok ville bli styrka, og dei unge kunne få vita kven dei skulle gifte seg med om dei plukka sju ulike blomsterarter og sov med dei under hovudputa. Sjutalet var eit magisk tal, som kunne kalle fram det overnaturlige.

Vatnet fekk og ei spesiell kraft; dogg du samla akkurat då kunne lækje augesjukdomar og andre lidingar. Heilage kjelder fekk ekstra styrke, og dit reiste sjuke folk for å drikke vatn heile denne natta.



Skikken med å pynte i huset med lauv og ville blomster kjem eigentleg av ynskjet om å ta i bruk krafta frå naturen, utnytte grokrafta, verne og vel-signa huset.

Framleis flettar mange blomsterkransar som dei har i håret på sankthans-eftan. I si tid gjorde dei

dette for å "vekkje" åkeren. Kona på garden gjekk denne kvelden sakte rundt i åkeren og plukka kornstrå og blomster som ho fletta til ein krans, medan ho song ein sang som skulle vekke åkeren...

Elden vart i gamal tid sett på som rensande og vernande



mot vonde makter, og bålet var og eit uttrykk for at naturkreftene var på sitt sterkaste.

Bålbrenning vart ofte kombinert med dans og sang. På 1700-talet vart motstanden mot denne feiringa sterk, etter som kyrkja meinte det var ein overtruisk skikk og avskaffa sankthans som heilagdag. I Sverige vart sankthansbål forbode, og det er nok forklaringa på at dei nyttar maistonga på sin midtsommarafton. Båltradisjonen her til lands lever i beste velgåande så sant brannvedtektene tillet det.

Kyrkjelege tradisjonar: Sankthansnatta spelte og ei viktig religiøs rolle. I eldre tid valfarta folk til kyrkjer heilage stader. Spesielt kjent er valfartinga til Røldal kyrkje. Menneske med sjukdomar og plager kom til kyrkja. Kvar jonsokeftan "sveitta" krusifikset under midnattsmessa. Denne "sveitten" vart turka av med ein linklut som i sin tur vart stroken over sjuke lekamsdelar. Krykker, støtteskiner og andre remedier som vart etterlatne bak altaret i kyrkja er no samla i Bergen Museum, skriftleg og fotografisk dokumentert.

Johannes døypte Jesus i elva Jordan og varsla om han som skulle koma og døype med Heilag Ande og eld. Sjølv fekk Johannes døyparen ein tragisk lagnad. Han kom på kant med kong Herodes Antipas fordi han mislikte kongens umoralske måte å føre hus på, og sa kva han meinte om det. Dermed terga han på seg heile kongehuset så alle der var sinte på han. Då Herodes feira fødselsdagen sin, skulle stedottera hans, Salome underhalde med dans. Dette gjorde ho så godt at Herodes sa ho skulle få det ho ynskte seg mest. Ho ville då ha Johannes døyparen sitt hovud på eit fat. Og det fekk ho.

Kjelder:

snl/no, hildes hjoerne.no, nettavisen.no, katolsk.no/biografier/ historisk

Open kyrkje 2018 – Slidredomen

Slidredomen var open for besøkjande sju veker i juli-august – som forrige sommar. Pensjonistlaget ved leiar Ingebjørg Moe organiserte 14 frivillige kyrkjevakter som tok imot besøkjande onsdagar og laurdagar mellom klokka 11 og 17.

Det er tydeleg at folk set pris på å få koma inn i den over 800 år gamle, prektige steinkyrkja . Dei let seg imponere av dei tjukke murane og dei originale tak- og veggmåleria i koret frå 1200-talet. Dessutan får den fint utskorne og fargerikt måla korsranken, preikestolen og altertavla mykje merksemd. Desse vart laga midt på 1700-talet då ein utvida opninga mellom skipet og koret.

Mange interesserer seg for stupulen og tårnet som mellom anna husar fire av dei opprinnelege, støypte malmklokkene til kyrkja.

Nokre av dei besøkjande stikk innom for å kikke litt medan andre gjev seg god tid og studerer alle detaljer , men alle får med seg noko av den rike historia kyrkja har å fortelja.

I år som i fjor har det vore inntil 20 besøkjande kvar dag: unge og eldre, turistar frå inn- og utland, hyttefolk og bygdafolk. Dei undrar seg og gler seg over alt dei får sjå i kyrkja og vi vaktene gler oss over å få vise fram den vakre, stolte Slidredomen vår.

Vi ser kor viktig det er at kyrkja er open for dei som ynskjer å koma inn.

Elisabeth R. D.



Loftsrydding ved Lomen Stavkyrkje

Riksantikvaren fylgjer godt med på stavkyrkjene, Lomen stavkyrkje er ikkje noko unntak. Ved befaring tidlegare i år la dei merke til mengder av spon langs veggane på loftet. Med tanke på brannfare ynskde dei at dette blei fjerna. Eg, kyrkjevevjerje, spurte frimodig leiar i Lomen sokneråd, Inger Lise, om ho kunne tenkje seg å bli med. Ho var ikkje lei å be, og ho fekk også med seg Per Olav frå soknerådet. Alle tre møtte vi opp med hanskar, munnbind og søppelsekkar andre veka i mai – fulle av pågangsmot! Det var ein av desse varme mai-dagane. Og varmen på loftet var påtageleg! Kombinert med store støvmengder og lite lys var det ingen lystig jobb!

Etter nokre timar og halve loftet rydda måtte vi gje oss. Nede venta golvet i kyrkjeskippet som hadde mengder av kvistar og fugleskit etter ein kråkefamilie som tydelegvis har blitt svært husvarm i kyrkja – og med dei mange og store glipane som er i tårnet av kyrkja er det vel ikkje anna å vente! Etter ei varm og ganske slitsom arbeidsøkt avslutta vi med medbragt lunsj og kaffe på kirketrappa! Humøret var det ingen ting å seie på – takk for sporty og flott innsats Inger Lise og Per Olav!



Kva for tankar gjer konfirmantane seg om konfirmasjonstida?

Det ville vi gjerne høyre litt om, og fekk samla nokre av dei på biblioteket i midten av juni. Vi var veldig glade for at Mikkel Moe Westgård, Margrete Bergli og Nils Sander Sørensen, som presiserer at han kallar seg Sander, hadde sagt ja til å vere med på ei samtale om konfirmasjonen.

Kva hugsar du best frå konfirmasjonstida?

Mikkel: Timane med Ola – der han fortalde om opplevingane sine med Gud. Og gudstenestene da Ola var tent, var heilt fantastiske.

Margrete: Veka i Kragerø. Der vart vi veldig knytte til kvarandre på kort tid og lærte kvarandre å kjenne. Og så vart vi så godt kjende med Ola – han gir så mykje av seg sjølv.

Sander: Siste gudstenesten, sjølv konfirmasjonen var ei god oppleving. Det var så fint å tenke på alle timane vi hadde hatt i kirka og i Olbergsalen, som hadde ført fram til denne avgjerande avslutninga.

Ja, korleis har undervisninga gått føre seg?

Vi har hatt faste timar i Olbergsalen – første onsdag i kvar månad. Noko av det vi hugsar best frå desse timane er filmen ”Passion of the Christ”. Den er grotesk, men får fram budskapet.

Undervisninga var aldri kjedeleg – Ola er ingen kjedeleg prest, det er dei einige om alle tre. Viss du vel å høyre på kva han har å seie, er det alltid interessant, seier dei.

Så skulle vi helst vere med på 12 gudstenester, og vere ministrantar i tre av dei. Då fekk vi eit program med ting vi skulle gjere – det var både moro og interessant, men vi kunne godt hatt meir å gjere, legg dei til.

På spørsmål om kva dei syntest om gudstenestene, svarta dei at dei likte dei godt, og at det var mykje på grunn av engasjementet til Ola. Han er som oftast veldig engasjert, seier dei, det er tydeleg at han elsker det han driv med. Dei syntest og at liturgien er grei å følgje med på og at det



er mykje fin musikk og flotte salmar, men dei var og einige om at salmar og kyrkjemusikk ikkje er det dei vel å høyre på. På leiren i Kragerø var det mykje lovsang, og det syntest dei var kjempekoseleg og fint.

Kvifor ville de confirmere dykk?

Mikkel: Heilt ærleg – tradisjonen i familien. Men utover i konfirmasjonstida vart eg meir og meir glad for det valet eg hadde gjort.

Margrete: Eg hørte på det eldre konfirmantar sa om konfirmasjonstida med Ola. Det at ein fekk vere del av noko større enn ein sjølv, og at ein vart akseptert for den ein er. Ingen i familien min er spesielt kristne – så det vart og min veg i forhold til dei.

Sander: Storesøstrene mine fortalde meg om kva dei hadde opplevd, og eg ville gjere som søstrene mine – og alle andre også.

Vi takkar Mikkel, Margrete og Sander for ei veldig god og reflektert samtale.

Dugnad i Lomen

Eit par veker før 17.mai låg det framleis store mengder med snø att etter den snørike vinteren. Vi var fleire som tenkte at snøen ikkje ville forsvinne på kyrkjegardane til grunnlovsdagen. Men så kom den gode varmen, som vi har hatt med oss gjennom heile sommaren, og snøen forsvann, og på alle kyrkjegardane blei det arrangert dugnadar. Det var bra oppmøte alle stadar – og kyrkjekontoret vil nytte høve til å takke alle som møtte opp!!



Bra oppmøte, og også tid til kaffepause, ved Lomen kyrkjegard.

Tweencamp 2018



20 deltakarar var med på Tweencamp i år – og 12 unge leiarar.

”Jesus verdens beste venn” var temaet for tweencampen som gjekk av stabelen 22. til 24. juni – og det var sjette gongen, fortel Cecilie då vi møter henne til ein samtale i prestegarden.

Den første tweencampen vart arrangert i 2013, hausten etter at vi hadde flytta hit. Det var kaldt og vått dette året i slutten av august – vi opplevde også ein frostnatt. Eg kan hugse det hang 30 soveposar til tørk inne her.

Leiren vart etter denne kalde og våte opplevinga lagt til første helga i skuleferien.



Då opnar Cecilie og Ola alle dører, bokstaveleg talt, i prestegarden for aktivitetar og gode opplevingar for barn og unge. Det er heilt tydeleg at dei likar å vere saman med dei unge, latter og glede, smil og varme er det som møter oss når vi kjem til leiren.

Vi har fire temaer som rullerer frå år til år, fortel Cecilie, ”Gud vår far”, ”Jesus verdens beste venn,” ”Bibelen verdens beste bok”, og ”Jeg verdens beste meg” og så er det dei same aktivitetane kvart år under ”Sommer OL” og ”Pilegrimsvandring”. Elles har det vore leirdans, laga av



Goggen prøver å forklare korleis det er å vere Jesu venn, men det vert vanskeleg.



Under pilegrimsvandringa står leiarane på kva sin post og fortel om kvar si perle i ”Kristuskransen”.

ungdomane, kveldssamlingar i Slidredomen, grillfest med underhaldning i lavvo og bading ved Tingsteinen.

Leiren vart også i år avslutta med med festgudsteneste i hagen, også denne gongen med dåp. Det set vi utruleg pris på. Vi har vore velsigna med eit nydeleg ver, god hjelp og ikkje minst ein herleg gjeng ungdommar, avsluttar Cecilie. Og vi føyer til: eit herleg ektepar, som vi set utruleg stor pris på. Takk til Cecilie og Ola!



Det er også frileik. Den står Hildegun Vederhus for. Ho, er litt av eit fyrverkeri og får verkeleg med seg ungane, anten det er dans, musikk eller annan leik – vi har sett henne i aksjon!

Julemarknaden 1. søndag i advent

Cecilie fortel at dei har møter med dei unge leiarane gjennom året og i år skal dei ha oppgåver på julemarknaden 1. søndag i advent. Marknaden med tenning av julefuru, salsbuer, juleverkstad m.m. vart arrangert for første gong i fjor. Det vart ein suksess med fleire hundre besøkande og deltakarar.

Kyrkjetekstilar i Slidredomen

Den raude messehakelen vart innvia i Slidredomen 1. pinsedag i år

Marit Anny Løken fortel om den raude messehakelen, som no er komen til Slidredomen at den vart laga til utstilling og juriering av Marit Annys Vevstogo sine tekstilar. Den gjekk gjennom nålauga hjå Norske Brukskunstnarar og har hange til utstilling på Det Norske Teatret og ved 1000 års-jubileet i Trondheim.

Messehakelen er laga i vevteknikken dragrustning der renninga er mercerisert bomull og innslaga er tynt ullgarn og silke i mønsteret, som er små kors og runde ringar.

Raudt er fargen til Ånden og martyriet og står for eld og blod. Raudt vert brukt i pinsen. Den same fargen har martyrdagane, som hos oss er 2. juledag, Stefanusdagen og Olsok, og dessutan Aposteldagen, 6. søndag etter pinse. I det meir tradisjonelle fargespråket vert raudt også kalla kjærleikens farge.



Raudt vert også brukt ved kyrkjevigsel, vigsling av prestar, kateketar og diakonar og kyrkjejubileum.

Broderiet er gjort med gull metall trådar, og eg har brukt kjedesting og tjukk-saum.

Korset er det viktigaste symbolet i kyrkja. Denne korsformen kan vere omslutta

av ein ring, evigheitsmerket, og vert kalla vigslingskors.

Stola vart laga då det høyrer saman med messehakelen, og dei har vore utstilte på byste i Vevstogo for mange tusen besøkande. Dei vart ikkje som dei 102 andre messehaklane



Marit Anny Løken, Ola Døhl og Kåre Lome som har gjeve stolaen.

som vart laga til ei spesiell kyrkje, men skulle vere enkel utan for mykje broderi, som dei fleste andre hadde.

Prekestol- og lesepultklede er laga no i år Det vart eit møysommeleg arbeid, då garnsorten i messehakelen var ute av produksjon. Med god hjelp av Karin Komprud har vi klart etterlikninga utruleg bra.

Slidredomen var den fyrste kyrkja eg laga kyrkjetekstilar til. Bjørg Abrahamsen designa ein grøn, ein kvit og ein lilla, og dei vart alle laga på Vevstogo. Bjørg hadde undervist ved Statens Kunst og Handverkskole, hadde eige atelier og laga over 80 messehaklar, m.a. bispekåpe til Møre og Romsdal - og ho var ein god læremeister.

Vevinga av kyrkjetekstilar byrja med at eg fekk i oppdrag å veva kopi av det største av tre dobbeltvevtepper her i landet frå 1200 talet, Lomisteppe, som hadde vore brukt i stavkyrkja, og som var tatt vare på av Kunstindustrimuseet i Oslo

Dette førte til interessante oppdrag for kyrkjer i inn- og utland.

Lomisteppe vert no brukt på altaret i Lomen kyrkje om vinteren og i stavkyrkja om sommaren.

Marit Anny fortel at ho også har vove eit kristneteppe til kyrkja. Det skulle brukast over altarringen til å knele på for dei brudepara som ikkje hadde med teppe sjølve. Det var ei gåve frå Hamresslekt.

Marit Anny har også vove båreteppe, gjeve av Holdenslekt. Det har innsmetta kors i gull og silke, tekniikken er skillebragd og bakgrunnen er i farger som skal symbolisere jord og himmel. Det ligg på vent for å kome på plass.

Altarduken kjem også frå Vevstogo. Den er i lin voven i kniplingsteknikk med kalken i kyrkja innvoven, broderiet er kvitsaum.

Eg er retteleg glad for at alle dei liturgiske fargene på messehaklane frå Vevstogo no er i Slidredomen, der eg er konfirmert og gift, og eg kjenner at ringen slutta.

Fystro stavkyrkjeruin er kome fram i dagen

Fystro var kyrkjestad i mellomalderen. Kyrkja var rett nord for det nedlagte tunet på Øvre Fystro i den sør-austvende dalsida. Eit gammalt vegfar fylgjer dalsida nordover frå tunet, og på oppsida av vegen, ca. 20 meter frå tunet, er det ei fylling av stein og grus som er utpeikt som kyrkjetuft. Fyllinga dannar ein terrasse som er ca. 3 m høgre enn vegen.

Kyrkja stod til forfalls og vart rive i 1747 eller 1748, og material frå denne stavkyrkja skal ha vore nytta ved bygging av ny kyrkje på Røn same år. Samstundes vart kyrkja på Øyjar riven, og dei tre sokna vart slått saman til (nye) Røn sokn. Det finst òg material frå denne kyrkja, brukt t.d. til buagolv, låvegolv og liknande, på fleire gardar i området. Jahn Børe Jahnsen har skrive historia om Røn kyrkje i eit eige hefte, og der er òg mykje historikk om Fystro stavkyrkje.

1. juli 2018 kl. 11 var det gudsteneste på kyrkjetomta/ruinen. Veret var upåklageleg og det same utsikta då grunn-eigarane Eline og Øyvind Magistad Berge ynskte oss velkomne til den fyrste gudstenesta på 270 år.



Øyvind Magistad Berge, som bor på garden Fystro, med korset som han har laga og sett opp.



Henning Andersen spelte vakkert for oss.

Prest Ola Døhl og Ingebjørg Moe frå historielaget.



Det vart ei fin og varm gudsteneste med Ola prest, Are kantor og Magnhild klokkar som saman med det vare, vakre hardingfelelæte til Henning Andersen, skapte ei høgtidsstund for oss. Vi var om lag 40 personar frå fjern og nær som var til stades.

Etter gudstenesta, hadde ordførar Eivind Brenna eit interessant faktakåseri om Fystro kyrkje.

Så var det Øyvind Magistad Berge sin tur. Fyrst informerte han om arbeidet med rydding og tilrettelegging for bruk av området. Midt i ruinen står det eit kors som han har laga og sett opp. Han fortalde om arbeidet og tankar han hadde gjort seg då han laga korset og om symbol som korset representerer. Det er fleire meiningar om korset, men det får vi koma attende til. Han avslutta med von om at området kan bli brukt til gudsteneste vidare og kan -skje som konsertarena.

Folk tok seg god tid i det fine veret og kosa seg med kaffi og sirupsake som Historielaget bidrog med.



Ordførar Eivind Brenna holdt faktakåseri for oss.



Prest Ola Døhl, klokkar Magnhild Skjel og kantor Are Alund.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

26. februar 2018 – 19. august 2018

Døypte	Lomen sokn:	11.03.2018	Tiril Brennvall	
		29.04.2018	Emrik Stee	
		10.05.2018	Sondre Hande Gaarder	
	Slidre sokn:	01.04.2018	Matilde Stavenjord	
		20.05.2018	Adam Steine	
		20.05.2018	Einar Ringsaker Vika	
		24.06.2018	Thilja Tvenge	
		22.07.2018	Oliver Haugrud	
Vigde	Røn sokn:	30.06.2018	Sofie Sebuødegård og Eivind Schill Bjørndal	
		28.07.2018	Kristine Vold Hovland og Olav Johannes Hovland	
	Lomen sokn:	04.08.2018	Jessica Marie Haugen og Kristian Reiersgård Gullhaugen	
	Lomen stavkyrkje	04.08.2018	Astrid Tørstad og Jørn Andre Rogn Sund	
Jordfesta	Røn sokn:	09.03.2018	Egil Roar Olsen	f.1922
		13.03.2018	Bjørn Hagen	f.1938
		18.05.2018	Tor Arild Rogndokken	f.1965
		05.06.2018	Inga Holden	f. 1926
			Rettingar: Mariann Engebretsen blei jordfesta i Tingnes kyrkje og ikkje Ulnes kyrkje den 09.02.2018	
	Lomen sokn:	23.03.2018	Olga Marie Hovi	f.1931
	Slidre sokn:	06.07.2018	Ivar Sandaker	f.1955
		09.07.2018	Kristian Hegge	f.1942
		26.07.2018	Jon Kvåle	f.1960 (busett i Sverige)
		25.01.2018	Olav Einang	f.1929 (blei ikkje med i førre bladet)

Vi treng pengar til å dekke utgiftar vi har til oppsett, trykking og utkøyring av blad. Sparekontoen til kyrkjebladet er snart tom!

Vil du støtte kyrkjebladet?

Kyrkjebladet blir drive på friviljug basis, og vi er avhengige av støtte frå lesarane. Vi er takksame for bidrag.

Kontonr vårt er: **2153.07.09296** –
Merk det gjerne med «Kyrkjeblad»

Det blir flott konsert i Slidredomen 6. oktober.



Caledonia jazzband
Sør-Aurdalkoret
Vestre Slidre sanglag

What a wonderful world

Slidredomen laurdag 6. oktober kl. 18
Begnadalen kirke søndag 7. oktober kl. 18

VIPPS

Hugs at vi har VIPPS! Om du ikkje har med kontantar på ei gudsteneste og ynskjer å gje kollekt, kan du Vippse oss!

VIPPS-nr.:

Slidre sokn 109786,

Røn sokn 105863.

Lomen sokn 137884.



Redaksjonen

*ynskjer våre lesare
ein fin haust!*

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er ope: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjevevje
Thomas Immanuel Vatn Weissner	99495455	Kantor
Heidi Bergsbakken	61345098 91600644	Kantorfullmektig og trusopplærar
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar i Slidre sokn
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn Kyrkjjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel Ringjar i Slidre Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje

MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad	Teneste	Takkoffer
02.09.18	15.s.i.treenighetstiden	11.00	Rogndokken		Sokneprest Ola Døhl Kirkens bymisjon
02.09.18	15.s.i.treenighetstiden	19.30	Lomen kyrkje	Presentasjon av årets konfirmanter	Sokneprest Ola Døhl Frelsesarmeen Fagernes
09.09.18	16.s.i.treenighetstiden		FRIHELG		Ikkje gudsteneste
16.09.18	17.s.i.treenighetstiden	11.00	Øyjar kapell		Sokneprest Ola Døhl Sundagsskolen i Røn
23.09.18	18.s.i.treenighetstiden	11.00	Lomen Kyrkje	Hausttakkefest/6-årsbok +søndagssk.invitert	Sokneprest Ola Døhl Sundagsskolen i Lomen
30.09.18	19.s.i.treenighetstiden	11.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl Soknerådsarbeid
07.10.18	20.s.i.treenighetstiden		FRIHELG		Ikkje gudsteneste
14.10.18	21.s.i.treenighetstiden	11.00	Røn kyrkje		Sokneprest Ola Døhl Redd Barna
21.10.18	22.s.i.treenighetstiden	11.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl Kirkens bymisjon
28.10.18	Bots og bøneding	11.00	Lomen		Sokneprest Ola Døhl Stine Sofies Stiftelse
04.11.18	Allehelgensdag	11.00	Slidredomen		Redd Barna
11.11.18	25.s.i.treenighetstiden		FRIHELG		Ikkje gudsteneste
18.11.18	26.s.i.treenighetstiden	11.00	Røn kyrkje	Utdeling av 4årsbok +søndagssk.invitert	Sokneprest Ola Døhl Sundagsskolen i Røn
25.11.18	Domssøndag/ Kristi kongedag	11.00	Lomen kyrkje		Sokneprest Ola Døhl Trosopplæring i Vestre Slidre
01.12.18			Prestegarden	Julemarked	Sokneprest Ola Døhl
02.12.18	1.s.i.advent	11.00	Røn kyrkje		Sokneprest Ola Døhl Soknerådsarbeid
02.12.18		19.30	Slidredomen	Julekonsert med Røn musikklag	Sokneprest Ola Døhl
09.12.18	2.s.i.advent	19.30	Slidredomen	Taizé	Sokneprest Ola Døhl Konfirmantarbeid
13.12.18		18.00	Lomen kyrkje	Julekonsert med kulturskolen	Sokneprest Ola Døhl
16.12.18	3.s.i.advent		FRIHELG		Ikkje gudsteneste
17.12.2018		19.30	Røn kyrkje	Julekonsert med Røn ML og VSSanglag	Sokneprest Ola Døhl
21.12.18	Fredag	09.00	Slidredomen	Skolegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
21.12.18	Fredag	10.00	Slidredomen	Skolegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
24.12.18	Julaften	13.00	Slidreøya		Sokneprest Ola Døhl
24.12.18	Julaften	14.00	Lomen kyrkje		Sokneprest Ola Døhl Leger uten grenser
24.12.2018	Julaften	15.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl SOS barnebyar
24.12.2018	Julaften	16.00	Røn kyrkje		Sokneprest Ola Døhl Frelsesarmeen Fagernes
25.12.2018	1. Juledag	11.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl Messehagel
26.12.2018	2. Juledag	11.00	Sjukeheimen		Sokneprest Ola Døhl

Tar atterhald, messelista kan bli endra.

Sjå oppslag ved kyrkjene og andre stader, kommunen si side, «Det skjer» i avisa Valdres, og facebookside: kyrkja i Vestre Slidre.

Lena Maskin



**Valdres
Gravferdsbyrå**

Henning Andersen

Vakttelefon: 61 36 03 00